

Utvikling

Våren er på gang og utviklinga er ganske normale etter kalenderen på austlandet. For vestlandet er ein litt seinare enn det som er vanleg der. Temperaturforskjellane dag og natterstid variere svært, slik at blomstringa så vidt er i gang i steinfrukt. Pollinerande insekt er å finne i felta, men for honningbier er vind og låge temperaturar ikkje det som dei likar best. Me treng nokre timar med sol og varme, slik at pollineringa kan bli god framover.

Det er tørt i toppsjiktet i jorda og vatning må prioriterast framover. Vatning vil også bidra til å løyse opp gjødsel og at den blir tilgjengeleg for trea.



Bilete 1: bankehoven kan ein være klar med rundt blomstring. Ein prøve er 3 slag på 33 greiner.

Gjødsling

Gjødsla bør være ute no. Har ein moglegheit for gjødselvatning med godkjente produkt for økologisk vil dette være greitt å få i gang no. For eksempel Biorg N kan være fint å få ut i lag med nødvendig vatning. Bruk dosatron rett frå tanken. Ikkje lag stamløysing, sidan det skjer reaksjonar når ein blandar gjødsla ut i vatn. Husk å

rense anlegget etterpå med reint vatn i minst 15 minutt. Elles kan dysene i dryppvatningslangen gro igjen av bakterievekst.



Bilete 2: dosatron eller tilsvarende kan bringe ut flytende gjødsel. Husk skylling med reint vatn.



Ugras

Når blomstringa startar for alvor bør ein unngå fresing. Dette for å unngå unødvendig stress rundt blomstringa. Ta opp igjen fresing så snart ein får kronbladfall. Håndluking av smått problemugras kan ta til i ved stolpehull og rundt trea. Det er enklare å fjerne smått ugras no, enn å vente til det blir stort.

Kjernefrukt

Epleskurv

Lite nedbør gir lite utfordring med epleskurv. Så snart ein får regn må ein rekne med at det blir behov for skurvsprøyting både før og etter infeksjon.



Bilete 3: følg med på lokal klimastasjon for epleskurv. I Hardanger kan de sjå ut til at ein bør være ute med forebyggjande skurvsprøyting før regnet som er meldt. For Austlandet er det ikkje meldt om regn og dermed uteblir skurvfare.

Titak mot epleskurv:

- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bland inn 15 g/daa Nordox 75 WG fram til tett klyngje. Berre aktuelt med Nordox innblanding i seine sortar som 'Aroma' no.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timar.

Mjøldogg

Tørt vær som no er gunstig for mjøldogg. Thiotvit Jet verkar også mot mjøldogg, så ein runde eller to kan være gunstig for å holde mjøldogg i sjakk. Svovel tek også bladmidd om det er over 12 grader ved sprøyting. Gjenta sprøytinga etter 5-10 dagar. Unngå unødvendig svovel under blomstringa, men går det skurvvarsel må ein likevel bruke middelet. Epleskurven må bekjempast.



Bilete 4: mjøldogg i eplesorten 'Gravenstein'. Sorten er ikkje egna som økologisk.



Bilete 5: normalt utvikla knopp til høgre. Ta ein runde med beskjeringsaksen og fjern alle mjøldoggtoppene.

Insekt og midd

Fibro eller olje/såpe-blanding er for seint i år.

Steinfrukt

Utvikling

Tidlege felt og sortar står allereie i full blom, og dei seinare sortane er på god veg dei fleste stader i landet. Det er observert varierende mengde blom, nokre tre og sortar blømer rikt, mens andre (i fleire tilhøve særleg opal) har mindre blom.

Tiltak mot bladmidd

Edda og Mallard er dei sortane som er mest utsette for plommebladmidd. Dette gjeld særleg i nyplantingar. Med tida ser det ut til at det i dei fleste tilhøve kjem på plass ein balanse mellom bladmidd og nyttedyr i økologiske felt. Svovelsprøyting kan framleis nyttast viss bladmidd er eit problem. Ved behov for kontroll av bladmidd; 2 sprøytingar (300g/daa) med 5-10 dagar intervall med svovel (Thiovit Jet), i perioden ballongstadiet til rett etter bløming. Intervall avheng av temperatur, ved låg temperatur, la det gå 10 dagar mellom sprøytingane. Merk at svovelsprøyting har negativ effekt på rovmidd (nyttedyr). Ein kan gjerne unngå å sprøyte midt i bløminga då sprøytinga også kan ha uheldig effekt på andre nytteinsekt og påverke biene.

Om ein oppdagar lus i plommene utover sesongen, så kan ein nytta Konsentrat mot bladlus punktsprøyt på lusetoppene. Dette har god effekt dersom ein tek evt. lusetoppar etter kvart, men er svært arbeidskrevjande for større felt.

Tynning i blom

Følg med på kvar sort og kvar felt i bløminga. Noter deg gjerne når dei blømer, og om blømingstid i støvsortar samsvarer med hovudsortane dei skal bestøve. Tre med mykje blom bør tynnast. Ein nyttig reiskap er plommevispen, som gjer tynningsarbeidet langt mindre tidkrevjande. Mekanisk tynning er aktuelt frå ballong og fram til avbløming.

Sjå [video om bruk av plommevisp!](#)

Pollinering

Det er varierende mengde blom i opal, som er ein viktig støvsort i mange hagar. Lite blom i opal kan vere ein utfordring der blømande opal krevjest for å pollinere andre sortar/er einaste støvsort. Dersom ein har lite blom generelt, og særleg i støvsortane, og temperaturen er/blir/held fram med å vere låg, og ein kjenner seg usikker på pollineringa – ja då kan ein utsetje tynninga, evt berre tynne lett i blomen.